

Høyring - revidert rammeplan for barnehagen.

Kap. 1. Barnehagens oppgaver i samfunnet.

Forslår å endre denne formuleringa til: Barnehagens samfunnsmandat. Må endrast både på side 6 og 7.

Pkt. 1.1 Ønskjer fokus på at barnehagen er eit pedagogisk tilbod i starten på dette pkt. og at kvalitet skal prege heile kvardagen i barnehagane.

- Kvar er born med særskilde behov, fleirkulturelle, småbarna?

Omgrepet born kan dekkje alle grupper born, men kvifor nemne samiske born då?

Omgrepet born må definerast i innleiinga, eller betre at alle grupper blir nemde med sine spesielle kvalitetar.

Kap. 2. Grunnleggende begreper og prinsipper.

Leik som innhaldskategori manglar, og denne bør inn igjen for å setje fokus på den viktigaste læringsarena. I følgje Torgeir Alvestad lærer barn 20 % av alt dei lærer av voksne og heile 80% av andre born. - For lite fokus på leik og fri aktivitet.

Pkt 2.3 " Barna må stimuleres til å tenke selv" - dette må skrivast på ein annan måte! Barn er tenkjande, men dei må stimulerast til å undre og fabulere vidare. Saknar annerkjenning av borna.

Planen er med på å gjere usynleg rolla til det pedagogiske personalet i barnehagen og set ned statusen til denne gruppa. Å referere til personalet er med på å gjere ansvarleg heile personal gruppa, men ein kan likevel presisere ift det viktige arbeidet det pedagogiske personalet har og gjer.

Kap. 5 Lek og læring.

Pkt. 5.1. "Lek kan også brukes som arbeidsmetode". Dette må endrast! Leik blir brukt som arbeidsmetode og verkemiddel i barnehagen. Vi ynskjer også eit større fokus på leik gjennom heile planen, og ei presisering av voksen-rolla i forhold til leik.

Humor bør bli nemnast i begynnelsen av kap. 5, for å gi meir tyngde og meir fokus på dette begrepet.

Kap. 6 Barnehagens fagområder.

Dette kapittelet har fått for stort fokus i forhold til det viktigaste vi driv med i barnehagane, nemleg omsorg, leik og læring.

Vi forslår å setje inn modellen til Kari Pape, kvalitetsmodellen treet, i begynnelsen av dette kap.

Pkt. 6.2

" For å arb i retning...." Strek pkt. 8.

Det bør stå; "- legge til rette for lek med bokstaver og tallsymboler og leke med skriftspråket."

Pkt. 6.5

Bør stå; " Barnehagen skal bidra til at barn får oppleve og får forståelse for planter og dyr,"

Og vidare strek pkt. 1; "- får oppleve og erfare natur, økologi, "

Kap. 7. Planlegging, dokumentasjon og vurdering.

Pkt. 7.1. Planlegging.

"Årsplanen har flere funksjoner." Innhaldet i årsplanen bør vere i ein langtidsplan. Det er altfor omfattande i ein årsplan og kan føre til mindre aktivt bruk av årsplanen, særleg av foreldra.

Siste setn. i dette pkt. "Personalet har det faglige ansvaret for årsplanens innhold." Bør bli endra til det pedagogiske personalet.

Avsnittet om dokumentasjon er for kort og lite konkret. Bør bygge oppunder førskulelæraren si rolle som pedagog, og spesifisere pedagogen si rolle knytt til arbeidet med det einskilde born og grupper av born.

Omgrepa "bør, kan, ta hensyn til, tilstrekkelig , tilfredsstillende" er uheldige å bruke. Kven skal avgjere kva som td. er tilstrekkeleg? Vanskeleg å styre etter slike vage og upresise omgrep.

Det er flott at den nye rammeplanen er forslått svært forkorta, men det er eit spørsmål om dette kanskje vert for kort. Planen er grei for alle dei som har sett seg inn i den gamle og har erfaring frå arbeid i barnehagane, men vert for "tynn" for td. nyutdanna.

Med helsing

Barnehagane i Ørsta Kommune.